



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	30.01.2017
04/2017	Kommunestyret	PS	13.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 233, FA - L05	16/739

STATLEG PLAN FOR VEG OG BANE ARNA - STANGHELLE - ORIENTERINGSSAK Status og framdrift i prosjektet

Vedlegg:

Boge
Budalen
Dalegarden-aust
Dalseid-Grunkavågen
Geitabotnen
Johagen, landhev
Laupedalen
Rauskreddalen
Stanghelle
Sædalen-landhev
Vaksdal_nord
Vaksdal_sør
Referansegruppe_02_referat_VossebanenE16_Staghelle-Arna_20161005
Mulighetsstudie Stanghelle stasjon-redusert
Mulighetsstudie Vaksdal stasjon-redusert

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 10/2017

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

Kommunestyret - Sak 04/2017

KOM - Behandling:

Orientering i saka vart gitt i starten på møtet.

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I desember 2015 ga Samferdsledepartementet dei statlege veg- og baneetatane i oppdrag å starte planlegging av ny veg og bane på strekninga Arna – Stanghelle. Planarbeidet skal skje som statleg reguleringsplan.

I møtet vert det gitt ein orientering om status om prosjektet samt kommunen sitt arbeid i samband med dette.

Status - framdrift

Prosjektet E16 Vossebanen arbeidar for tida med å fastsetje dei aktuelle vegalternativa på strekninga Stanghelle-Arna. Utfordrande terreng med knappe og rasutsette dagsoner gjer at det er søkt om fråvik frå vegnormalane for fleire av vegalternativa som så langt er utvikla i prosjektet.

Referat frå siste møte i referanse- og samarbeidsgruppa er vedlagt saka.

Ein kan lese meir om prosjektet på heimesida til prosjektet:

<http://www.vegvesen.no/Europaveg/e16banearnastanghelle/>

Når silingsrapport og planprogram ligg føre vil dei statlege etatane halde separate folkemøte på Vaksdal og Stanghelle.

Vaksdal kommune har spelt inn trong for betre og meir hyppig oppdatert informasjon frå prosjektet til innbyggjarane i kommunen.

Vaksdal kommune vil på si side etablere ein side med eige stoff relatert til statleg reguleringsplan, samt lenkje til prosjektets heimeside.

10. januar 2017 var ordførar og Boris Groth saman med politikarar frå Voss og Bergen i møte med Hordalandsbenken på Stortinget for å drøfte veg- og bane prosjektet opp mot arbeidet med Nasjonal transportplan. Ordførar vil orientere meir om dette i møte.

Moglegheitstudiar for Vaksdal og Stanghelle

Parallelt med planlegging av jernbanestasjonar på Vaksdal og Stanghelle har Vaksdal kommune fått utarbeidd stad- og moglegheitstudiar for Vaksdal og Stanghelle for utvikling av nærrområda til stasjonane. Stad- og moglegheitsstudiane er vedlagt denne saka.

Stad- og moglegheitsstudiane vil vere ein del av grunnlaget for arbeidet med områdereguleringsplanane for Vaksdal og Stanghelle. Bistand til dette arbeidet er for tida ute på anbod.

Massedeponi

Veg- og jernbaneprosjektet Arna-Stanghelle ynskjer konkretisert område som kommunane langs strekninga Arna – Stanghelle kan avsetje til større massedeponi.

Til dømes så har Osterøy kommune meldt inn at dei kan ta hand om store mengder masser (over 1 million m³) i ferdig regulert næringsområde, og er i planprosess om ytterlegare område som har kapasitet langt utover dette. Bergen kommune er i dialog med prosjektet om utfylling i Grimevatnet samt i Arnavaågen.

Veg- og jernbaneprosjektet Arne-Stanghelle er tydeleg på at dei har ansvar for å balansere samfunnsnytte og økonomi. Prosjektet vil primært søke å finne område som skårar bra på begge.

Tiltakshavar (utbygger) av nye byggeområde i kommunen har ansvar for at det vert utarbeidd reguleringsplan. Tiltakshavar har ansvar og risiko for bæreevne og stabilitet på depони/utfylling.

Det vil vere god tilgang til sprengsteinmasser for bruk heile kommunen når prosjektet kjem i gong. I denne fasen er det fokusert på store depони over 100.000 m³, mindre enn 15 km frå tunnelmunning. For slike lokalitetar har statens vegvesen signalisert at ein kan få massane kostnadsfritt tilkøyr.

Moglege lokaliteter for massedepони over 100.000 m³.

Lokalitet	Areal m ²	Høyde m	Volum m ³	Type	Etterbruk	Plan- status
Boge	85 000	30	2 550 000	permanent	bustad	Inf
Vaksdalsvågen	20 000	20	400 000	permanent	bustad	Inf
Vaksdal mølle sør	3 400	10	34 000	permanent	næring, kai	Inf/industri
Vaksdal mølle nord	2 600	15	39 000	permanent	næring	Inf/industri
Vaksdal nord (kommunekaien-sildastadskjeret)	36 000	20	720 000	permanent	bustad, næring	Inf
Sædalen, landhev	96 000	2	192 000	permanent	landbruk	Inf
Rauskreddalen	500 000	40	20 000 000	permanent	anna	Inf
Stanghelle vest, Holmen	52 200	10	522 000	permanent	bustad	Inf
Stanghelle aust, kaien	30 000	10	300 000	permanent	bustad	Inf
Laupedalen	54 000	20	1 080 000	permanent	anna	Inf
Budalen	67 000	25	1 675 000	permanent	næringsområde	Inf
Johagen, landhev	45 500	5	227 500	permanent	landbruk	Inf
Dalegarden, landhev	25 000	6	150 000	permanent	landbruk, næring	Inf
Dalseid, landhev	113 000	10	1 130 000	permanent	landbruk	Inf
Grunkavåge, Dalseid	45 000	5	225 000	permanent	næring, anna	Inf
Geitabotnen, steinknuseverk, depони	45 000	10	450 000	permanent	landbruk	Inf
Sum	1 219 700		29 694 500			

Vaksdal mølle er tatt med då ein ser utfyllinga her i samband med anna utfylling sjø nord og sør for verksemda.

Profilering

Vaksdal kommune vil i 2017 og 2018 gjennomføre ulike profileringstiltak for å marknadsføre

kommunen. Ein ser for seg tre prosjekt:

1 Bergen jernbanestasjon

Modell med ny togbane der ein samanliknar reisetid med tog og bybane. Samarbeidsprosjekt med BaneNor, Vaksdal Næringssselskap og Vaksdal kommune. Monterast når jernbanestasjonen er rehabilitert, tidlegast sumaren 2017.

2 Vaksdal stasjon

Arbeider med å få etablert eit samarbeidsprosjekt med Spacelab og BKK med utleige el-syklar på stasjonen i Vaksdal. Vidare er det under planlegging eit kunstprosjekt i samarbeid med KORO.

3 Stanghelle stasjon

Kunstprosjekt i samarbeid med KORO.